

Strategisk tiltaksplan for kulturarv i Aurlandsdalen

Aurland kommune



Notat

Morten Clemetsen

10.06.19 / 01.11.19

Innhald

Forord.....	5
Introduksjon.....	5
Bakgrunn og føremål.....	5
Berekraftig samfunnsumstilling	6
Brei verdiskaping.....	6
Det integrerte «landskapsperspektivet»	7
Kunnskapsgrunnlag om kulturarven knytt til Aurlandsdalen	7
Oppbygging av planen.....	7
DEL 1 Hovudtrekk ved landskap, kulturhistorie og brukstradisjonar	9
Lokalisering og avgrensing av Aurlandsdalen	9
Naturgrunnlag og geologiske særtrekk.....	10
Busetnad og drift	10
Det kultiverte landskapet - kulturmark, stølar og utmarksressursar.....	11
Ferdslevegane – livsnervar i dalen.....	13
Driftehandelen mellom vest og aust.....	16
Reiselivet - turistferdsla i Aurlandsdalen gjennom tidene.....	17
DEL 2 Nyare tid: Dugnadsinnsats og forvaltingstiltak	19
DEL 3 Strategiar og tiltak.....	21
Grunnmotiv og overordna mål for strategisk tiltaksplan for Aurlandsdalen.....	21
Delstrategiar	21
S1 Hovudvegen gjennom dalen	23
S2 Sinjarheim som knutepunkt for handverk og før-industrielt jordbruk på Vestlandet	25
S3 Dokumentasjon, sikring og restaurering av bygningar og tunmiljø i dalen.	26
S4 Kulturlandskapsskjøtsel.....	27
S5 Istandetjing, merking og vedlikehald av eit utval stiar i dalen.....	28
S6 Formidling av materiell og immateriell kulturarv.	29
S7 Vertskapsfunksjon, koordinering og samarbeid mellom frivillige organisasjonar, kunnskapsmiljø og næringsliv.....	30
Litteratur	32

Forord

Aurland kommune v/kultureininga skal utarbeide ny kulturminneplan. Denne rapporten er eit delprosjekt, utforma som «strategisk tiltaksplan for forvalting av kulturarv i Aurlandsdalen». Rapporten er ein pilot for å sjå om delar av kulturminneplanen kan framstilla i ein meir strategisk form, eigna som grunnlag for tiltaksplaner. Aurland kommune har mellom anna sett mål om at stilar og stølskultur skal vere eit prioritert satsingsområde for kulturminnearbeidet framover. Ein viktig del av kulturminneplanen i kommunen vil vere å kommunisere med lokalsamfunn og invitere samarbeidspartar til å realisere spesifikke mål i kulturminneforvaltinga, basert på materielle og immateriell kulturarv som ressurs for brei verdiskaping. Slik sett er dette arbeidet i hovudsak framtidsretta. Kultureininga samarbeider i dette prosjektet med Nærøyfjorden Verdsarvspark v/prosjektleiar Snædis Laufey Bjarnadottir (SB), som har ytt verdifull kartkompetanse og medverka som diskusjonspartner undervegs i synfaringar og i utforming av prosjektrapporten. Rapporten er bygd opp med tanke på overføringsverdi til andre område i Aurland kommune. (Framsidebiletet frå Veiverdalene).

Introduksjon

Bakgrunn og føremål

Aurlandsdalen som ferdsliveg og turoppliving mellom fjell og dal, har gjennom mange tiår vore teke vare på og halde ved like gjennom frivillig innsats frå grunneigarar, lokalsamfunn, samt organisasjoner og entusiastar frå mange kantar av landet. Aurlandsdalen er eit nasjonalt symbol på korleis ein krevjande og vanskeleg tilgjengeleg natur, gradvis har blitt omforma til eit velorganisert og meiningskapande kulturelt landskap der kvart element tente eit særskild føremål i kvardagslivet på gardane gjennom året. Samstundes var kvar gard ein del av den større heilskapen for Aurlandsdalen som samfunn.

Det er skrive bygdebøker og fleire fagrapporatar og populærbøker om Aurlandsdalen. Det skorter ikkje på tilgjengelig kunnskap og informasjon. Hovudmålet med denne utgreiinga er difor ikkje å gje eit samla oversyn over kulturminna i Aurlandsdalen som grunnlag for kulturminneforvaltinga, men å utvikle eit strategisk og handlingsretta dokument som kommunen kan nytte i sitt arbeid med å integrere kulturarven i lokal samfunnsutvikling og verdiskaping.

Forvalting av kulturarven i strategisk samanheng handlar difor ikkje først og fremst om fortida. Det store omfanget av folk som går, som driv næring, opplæring eller som deltek i frivillig arbeid rundt i dalen, er først og fremst opptatt av at aktivitetane gjev mening i deira liv no. Det Ein *strategisk kulturminneplan* skal difor å legge grunnlaget for ein heilskapleg forvalting av Aurlandsdalen og for å ta i bruk og utvikle dei unike kulturarvressursane i eit framtidsperspektiv;

- *Berekraftig samfunnsomstilling*; Kulturarv som kjelde til å styrke identitet, fellesskap og handlekraft i møte med verknadene av klimaendringar i vårt samfunn.
- Kulturarven som kjelde til *brei verdiskaping* i lokalsamfunn

På denne bakgrunn, kan det føreliggjande arbeidet og kunne nyttast som grunnlag for tilsvarande handlingsretta kulturminneplaner for andre bygder i Aurland kommune.

Berekraftig samfunnsomstilling

Klimaendringar og handlekraft.

Kulturarven har ein viktig funksjon/ potensial for å kunne forstå korleis endringar vil påverke oss over tid, og kva samfunn gjennom tidene har gjort for å møte desse endringskreftene. Dess lenger bakover i tid ein kan forstå korleis endringar og utvikling i eit samfunn har gått føre seg, jo betre er ein i stand til å omstille seg for naudsynte handlingar i møte med framtida.

Aurlandsdalen har særskilde eigenskapar i denne samanheng. Dei verksame naturkreftene responderer raskt på klimaendringar. Ras som fylgje av kraftig nedbør og raskt skiftande temperaturtilhøve, og overfløyming av stiar som fylgje av oppstuvning av rasmateriale i elvelau og bekker er særslig synlege i landskapet gjennom dalen. Det kan verke overveldande og skremmande for besökande. Samstundes, om ser etter, så er det likevel lovmessigheit i korleis naturprosessane utspelar seg. Rasa går der dei skal. Tun- og bygningsplasseringar og vegframføringer i dalen får ein ytterlegare logisk opplevd dimensjon når ein tek med forståinga av dei store endringsprosessane som går føre seg i landskapet. Det skal og seiast at mykje av kunnskapen som er opparbeidd gjennom generasjonar er og bygd på bitter erfaring med naturens øydeleggjande kraft.

Aurland har vore pilotkommune i internasjonale ADAPT-prosjektet som har som mål å fremje betre forvalting av kulturminne og kulturmiljø under endra klimatiske tilhøve. . Prosjektet vert vidareført gjennom eit internasjonalt samarbeidsprosjekt – «Adapt Northern Heritage», der ein mellom anna vil fokusere på tilpassingar og førebyggande forvalting av stølsmiljø under endra klimatilhøve (Riksantikvaren 2019).

Brei verdiskaping

Brei verdiskaping er utvikla som omgrep gjennom «Verdiskapingsprogramma for kulturarven og for Naturarven som vart gjennomført i perioden 2006 - 2013, der Aurland og Nærøyfjorden var eit av utviklingsprosjekta. (Haukeland og Brantzæg 2009, 2014). Omgrepet dekker fire innfallsvinklar til å dokumentere korleis natur- og kulturarven skaper samfunnsverdiar:

- **Miljømessig** omhandlar det å sikre, restaurere og vedlikehalde bygningar, ferdslevegar og andre menneskeskapte element i landskapet
- **Kulturell** verdiskaping handlar det om å ta vare på og formidle den immaterielle kulturarven gjennom forteljingar og gjennom praktisk arbeid med utgangspunkt i eldre teknikkar og kunnskap.
- **Sosial** verdiskaping handlar om å legge til rette for ferdsle gjennom dalen, skape gode møteplassar, arrangement og aktivitetar som gjer at folk møtast.
- **Økonomisk** vil Aurlandsdalen få større verdi for lokalt næringsliv gjennom auka besøk på turisthytter og andre overnattingsstader, transport og nokre typar organiserte aktivitetar som og vil kunne gje inntekter til vedlikehald og restaurering av kulturmiljøet.

Det integrerte «landskapsperspektivet»

For å kunne sjå samanhengen mellom dei fire vediskapingsfelta innanfor eit område, vil det vere føremålstenleg å legge eit samla *landskapsperspektiv* i botn. Det inneber at ein ser først og fremst ser etter heilskap og samanhengar i landskapet og i historia – slik det vert opplevd av folk som ferdast i dalen i dag. For dei fleste er det nettopp høvet til å forbinde seg – å verte ein del av den samla historia som Aurlandsdalen representerer som gjev dei rikaste opplevingane og verdiane. Ynskjer ein å ta desse verdiane på alvor, så er det ikkje tilstrekkeleg å ta utgangspunkt i avgrensa sektorinteresser og eigedomsgrensar i terrenget som grunnlag for strategiar og tiltak for framtidig forvalting og verdiskaping med utgangspunkt i kulturarven..

Samarbeid «på tvers» mellom ulike aktørar er heilt grunnleggjande om ein ynskjer å skape nye verdiar med utgangspunkt i kulturarv og kulturelle ressursar. Samstundes er det viktig å understreke at når aktuelle tiltak skal planleggjast og gjennomførast, så må det sjølvsagt *skje i samarbeid med og etter løyve frå dei einskilde grunneigarane og eventuelt andre med rettar i området.*

Kunnskapsgrunnlag om kulturarven knytt til Aurlandsdalen

Det finnast eit stort historisk materiale om Aurlandsdalen som kulturhistorisk miljø, og forteljingar som levandegjer livet i dalen og korleis det sto i samband med omverda. Dei viktigaste årmenne kjeldene til kunnskap om Aurlandsdalen og driftehandelen finn ein i «Gardssoga for Aurland. Vassbygdi og fjellgardane, fyrste hefte» frå 1988, og i «Glimt frå Aurlandssoga, band II», utgjeve i 1997. Begge er forfatta av Anders Ohnstad. Fleire aktuelle kjelder er ført opp i litteraturlista, mellom anna artiklar frå DNT-årbøker (t.d. årboka for 1944 og for 1980) og ulike turhandbøker som er utgitt. Ein finn og kulturhistorisk kjeldemateriale i stadnamninnssamlinga for Aurland¹ og generelt i bygdebøkene for Aurland (sjå litteraturlista).

Det er utarbeidd tre tidlegare skjøtsels- og tiltaksplaner for Aurlandsdalen:

- Skjøtselsplan for Sinjarheim (Clemetsen 1988), gjennomført i samarbeid mellom Distriktshøgskulen i Sogndal (Høgskulen Vestlandet) og Norges landbrukskole (NMBU)
- Tiltaksplan Aurlandsdalen Østerbø – Vassbygdi (Clemetsen 1996), på oppdrag frå Aurland kommune
- Aurlandsdalen - tiltak langs stien mellom Stemberdalen og Vassbygdi (Clemetsen 2016), på oppdrag frå Venner av Aurlandsdalen.

Oppbygging av planen

Rapporten er inndelt i tre delar:

Del 1: Fortid; Hovudtrekk ved landskap, kulturhistorie og brukstradisjonar

Del 2: Notid; Aurlandsdalen etter 1974; Landskapsforvalting og dugnadsinnsats


Del 3: Framtid; strategiar for integrert kulturminneforvalting og bred verdiskaping i Aurlandsdalen

¹ Sjå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane <https://www.fylkesarkivet.no/>

DEL 1 Hovudtrekk ved landskap, kulturhistorie og brukstradisjonar

Lokalisering og avgrensing av Aurlandsdalen

Mange tenker først og fremst på strekninga mellom Østerbø og Vassbygdi når det er snakk om Aurlandsdalen. Men skal ein forstå, forvalte og utvikle dei særeigne kultur og opplevingsressursane i Aurlandsdalen, må perspektivet utvidast til å gjelde heile strekninga frå dei vide beiteområda kring Geiteryggen og Omsvatnet, og heilt ned til Aurlandsvangen og møtet med fjorden. Ein bør og rekne med ferdslesambanda med Hol og Ål i dette systemet. Det er innanfor dette området at næringsverksemndene, kulturen og det sosiale livet har utvikla seg gjennom tidene, som igjen har medverka til å forme kulturlandskapa og forteljingane slik ein kan oppleve dei i dag.



Figur 1 Oversyn over dal- og fjellområdet mellom Aurlandsfjorden, Hol (Raggsteindalen) og Ulvik (Finse).

Naturgrunnlag og geologiske særtrekk


Som dei fleste dalføra i indre bygder på Vestlandet, har Aurlandsdalen ei særslig bratt profil. Det er kort avstand frå fjellplatå på opp mot 1800 moh. og til fjordmøtet. Isens arbeid under fleire istider visast att gjennom utgraving av tronge gjel, jettegryter og djupe kløfter der det kan vere mange hundre meter opp til fjellkanten. Vassbygdvatnet nede i Vassbygdi er demt opp av lausmassar avsatt frå endemorenene som låg ut i fjorden under nedsmeltinga for om lag 10000 år sidan. Dette er eit av tre morenestrinn som vart avsatt frå Aurlandsvangen og innover dalen til Vassbygdi.

Den særleg dramatiske utforminga av hovuddalføret skuldast i stor grad at vatn, under særslig høgt trykk under isen, har spylt seg veg ned i den lause skiferbergarten fyllitt. Overgangen frå Jotundekket med hardare omdanningsbergarter til dei mjukare og lett eroderbare fyllittsonene ligg i området kring Nesbø. Ovanfor har dalen ein meir open og U-forma profil (t.d. kring Østerbø og Aurlandsvatnet). Fyllittpartiet dominerer ned til området nedanfor Sinjarheim. Her kjem ein i møte med hardare grunnfjellsbergarter.

Berggrunnen speglar og i vegetasjonen. Fyllitt er svært næringsrik og gjev grunnlag for frodig og artsrik plantedekke. Eit særtrekk i dalen er det store innslaget av Bergfrue som heng ut frå fyllittberget i fjellsidene langs stien.

Busetnad og drift

Det er historisk sett 8 matrikulerte gardar i Aurlandsdalen; Øvstebø, Aurvikji, Nesbø, Berekvam, Skori, Teigen, Sinjarheim og Almen. Dei fleste var einbølte gardar, berre Øvstebø og Nesbø var delt på fleire bruk. Det har truleg og vore fast busetnad på Heimrebø (Holmen) ein periode på 1600-talet, Tett inn til vegen forbi Heimrebø ligg ei rekkje på fem små hustufter som syner at det kan ha budd folk her tidlegare. Rundt midten av 1800-talet reknar ein med at det budde til saman om lag 100 personar i Aurlandsdalen. Det er mange å skaffe utkomme til, og landskapet ber framleis i seg mange synlege spor av at alle ressursar måtte utnyttast maksimalt, sjølv i dei brattaste liene.



Figur 2. Illustrasjonskart med garder, stølar og stiar i fjellområda kring Sinjarheim, Teigen og Almen. Frå rapport om Sinjarheim (Morten Clemetsen 1988)

Det kultiverte landskapet - kulturmark, stølar og utmarksressursar

Aurlandsdalen er på mange måtar representativ for det før-mekaniserte jordbruket i indre bygder på Vestlandet, det utgangspunktet er tronge, nedskorne dalføre med fossande elvestryk i bratt profil, og høvesvis korte avstandar frå dei flate moreneavsetnadene ved fjorden, til høgfjellsviddene med nær uavgrensa beiteressursar.


Gardstunet er kjernen i det historiske driftssystemet som er dokumentert etablert i Vestlandsfjordane for meir enn 3000 år sidan (Austad m.fl. 2001). Plassering av tunet er viktig; det gjeld å finna ein skredsikker plass med lett tilgang til produktivt jordsmon for kultivering av åker og eng. Helst med god solinnstråling vår og haust, slik at det i normalår var mogleg å hauste moge korn. Av omsyn til husdyrhaldet, trong ein og vasskjelde i nærlieken. I Aurlandsdalen skulle ein tru at det ikkje var eit problem, men på Teigen er det fleire hundre meter til nærmeste sikre vasskjelde. I tillegg til hausting av grad på slåttemark, vart det drive omfattande hausting av gras i utmarka. Ein kan finna små teigar langt frå garden som er rydda for stein for lette slåttearbeidet. Samstundes vart det hausta store mengder lauv frå dei fleste tresлага som vaks i dalen. I bakken nedanfor Sinjarheim finn ein framleis nokre klyngar av almetre med tydeleg preg av styring. Det står og framleis nokre «seljekaller» att, men dei er på veg ned. Med husdyrhaldet, basert på mjølkeproduksjon, fylgte ein årsrytme der ein så snart graset tok til å vokse, førde dyra frå den eine stølen til den neste (vår-, mellom- og fjellstøl) og attende gjennom heile sommaren og tidleg haust. Denne rytmen sette eit tydeleg preg på landskapet, sidan ferdsla mellom gard og støl var så omfattande at ein trond gode stiar å ta seg fram på. Dei knytte og saman eit varierande tal utløper og lauvstakkar for mellomlagring av høy og lauvkjerter til vinterfør, til gardstunet. Mange av desse vegane vert framleis nyttar, og er verdifulle kulturminne.

Stølsdrifta i Aurlandsdalen står i ein (nesten) ubroten tradisjon tilbake til dei tidlegaste faste busetnadene i dalen². Oversikt frå kartoppmålingar på 1920-talet og lister over støler frå 1930 åra, gjev grunnlag for å lokalisere i ei stor mengde stølsplassar. På dei fleste plassane var det fleire sel, ein til kvar brukar.

Eisingane	Holmen	Grønestøl
Orrasete	Flatane	Nosi
Veiverdalen	Berdalen	Sauavad
Øystølen	Ljøtebotn	Håbergsholene
Sinjarheimshaugane	Tindi	Vestaforstølen
Vetlestølen	Myrane	Øystøl
Frivoll	Herdølestølen	Stemberdalen
Hovdungo	Langedalen	Vestaforbotn
Skåri	Skaimsdalens	

Lokalisering av stølar i heile Aurlandsdalen etter registreringar i prosjektet «Stølar i Aurland i 1930-åra» (Aurland kommune).

² Den siste tradisjonelle stølen som var i drift i Aurlandsdalen var Tindi fram til 1984. 7 år seinare i 1991 tok jordbrukskulen opp att stølsdrift på Sinjarheim. Denne drifta heldt framleis fram kvart år, basert på stølskurs med opplæring av jordbrukskulelever. Even Hov, den siste som stølte på Tindi, var og den som har hatt det praktiske ansvaret for stølskursa på Sinjarheim sidan oppstarten.



Figur 3 Oversiktskart med lokalisering av gardstun og stoler i Aurlandsdalen (S.B. Verdsarvparken)



Figur 4 Mange steinsel har framleis gavlmurarne intakte, sjølv om tak og delar av bakkemurane er samanraste. Landskapet kan difor framleis vere lesbart og med sopplevingsverdi (Veiverdalen t.v.). sel med berande trekonstruksjon kan det stå dårlegare til med (Orrasete, t.h.)

Ferdslevegane – livsnervar i dalen

Ferdslevegar er av dei eldste kulturminna i eit historisk landskap, og har difor stor formidlingsverdi gjennom sin historiske kontinuitet. Der dei første menneska tok seg fram, anten dei tok seg fram langsetter dalen, eller tok seg ned frå fjellpartia som omkransar den sterkt nedskorne dalen, så har andre folk gjennom tidene fylgt etter. Med tida er det danna seg stiar som kontinuerleg har blitt utbetra og gjort lettare farbare; det er bygd nye støttemurar som gjer det enklare å ta seg fram, det er lagd bruer over tronge gjel, og det sprengt ut stiar i sjølve fjellet.

Ferdslevegssystemet kan knytast til fleire ulike hovudformer for bruk (som nemnt over):

- a. Infrastruktur for gardsdrift og samarbeid i dalen
- b. Sambandet med bygda (kyrkje, skule, handel ..)
- c. Buvar veg til og frå stølar i fjellet (fram til 1974)
- d. Hovudferdsleveg mellom aust og vest.
- e.

Kløvtransport

Bruk av kløvhest til å frakte varer fram til gard og støl har vore heilt naudsint for buseetting og næring i Aurlandsdalen. Det var og ein måte å frakte heim jakt- og fiskeressursar frå fjellet, ost og smør frå stølane og ikkje minst også varer til turisthyttene som kom i drift mot slutten av 1800-talet. Kløvhesten hadde ein sentral plass i Aurlandsdalen fram til 1974, då vegnen til Østerbø opna. Etter det vart både dyr og varer frakta på bil. Enno ei tid vart kløvhesten nytta i fjellet i samband med reinsjakt. Langs hovudstien gjennom dalen vart han lite nytta.

Med interessa for å restaurere tunet på Sinjarheim på 1980-talet, vart det på ny trond for transport av mat, andre varer og utstyr med hest frå Vassbygdi. Då Jordbrukskulen tok til med stølskurs med geit og kyr på Sinjarheim i 1993, auka tronden for transport ytterlegare. Mat skulle regelmessig frakta fram gjennom fleire veker om sommaren, og ost frakta heim til bygda.


Hesten var difor ein viktig følgesvein for transport gjennom dalen. Vegane måtte vere i god stand slik at hesten kunne ta seg fram med breie kløvkassar og ikkje vart hindra i å fote seg på ein trygg måte på bratte parti.



Figur 5 Kløvjing I Sinjarheimsgalden.

Vegen som kulturminne:

Ein sentral føresetnad for effektiv transport gjennom dalen var at dekket på vegen var godt vedlikehalde, og at det ikkje var fysiske hindringar - stein, jordsig eller velta tre som låg over vegen. Kvart år vart det gjennomført pliktarbeid med vedlikehald av vegbana, sideterreng, stikkrenner og murer for å sikre trygg og effektiv ferdsle etter vinterens påkjenningar. På strekninga mellom Vassbygdi og Østerbø vart det normal sett av to dagar pliktarbeid heimom Sinjarheim, og ein dag framom. I tillegg til vedlikehald og naudsynte utbetringar, vart sjølve stien grusa opp slik at det var lett å gå for både hest og folk. Etter at pliktarbeidet stoppa opp på 1970-talet, så har grusen gradvis blitt vaska ut og det er i dag mykje spisse steinar i vegen.



Figur 6 Oversikt over hovudvegar og nokre stølsvegar Aurlandsdalen (S.B. Verdsarvparken)

Folk som var aktive med buførings og transport gjennom dalen før vegen opna, fortel om pliktarbeidet som kvar vår måtte utførast, for å halde vegen i god farbar stand;

Pliktarbeid på vegen gjennom Aurlandsdalen.

Kvar vår måtte dei som hadde bruksrettar i Aurlandsdalen eller som trong å bruke dalen som transportveg til og frå fjellet, syte for å halde vegen ved like. Det var viktig at vegen var både trygg og effektiv å ferdast på for både folk og fe.

For dei som hadde rettane sine mot Aurdalen, så rekna dei to pliktdagar på vegen fram til Sinjarheim, og det var vanleg at det møtte ein 5-6 mann. Framom Sinjarheim var det rekna ein pliktdag pr. mann som møtte. Før Holmaberget vart gjort framkomeleg for kløvhest (1950-talet), gjekk kløvvegen frå Heimrebø og opp til stølen Holmen. Nokre gongar gjekk ein og opp Bjønnstigen om den var framkomeleg. Ein stopp på stølen var kjerkomen både for folk og hest. Det vanka alltid kaffi og mat hos budeiene.

Frå Holmen gjekke ein som regel ned Søndreli og fylgte venen vidare mot Nesbø. Ein kunne ta seg fram gjennom Nesbøteigane, men det var ikkje lett å gå der med kløvhest.

Vøling av vegen starta i Vassbygdi. I eit normal år gjekk arbeidet greitt. Ein måtte rydde stein som hadde kome i vegen og fylle på med lausmasse for å jamne ut vegbana etter utvasking av dekket gjennom vår og haust. Av og til måtte ein spreng med dynamitt. Grus en vart henta der ein fann det, og bore på plass i sekkar. Kvar ein fann eignelege lausmassar kunne veksle litt frå år til år, ettersom korleis det hadde sige og rasa etter vinteren. Stikkrenner måtte og sjåst til, og grøfte opp at på innsida av vegen der det var trond for det. Dei fleste stikkrenne var opne og lettare å reinske.

Nokre stader var det meir å gjøre enn andre. Raudskrea var vanskeleg å halde ved like. Det var og mykje arbeid å gjøre øvst i Sinjarheimsgalden. Det same var Skorsbakkane. Vegen frå Sinjarheim til Veiverdalens måtte og haldast ved like. Frå Veiverdalens gjekk ein og vidare til Øyestølen.

(Oppsummert etter samtaler med Ola Øyum, Sigurd Bjelde og Inge Olai Sønnerheim)



Figur 7. Utan jamleg vedlikehald, forsvinn grusdekket på vegen. Biletet til høgre visar god standard etter vedlikehald både murar, stikkrenner og toppdekke (Sinjarheimshagen). av

Det er sjølv sagt og ei rekke utfordringar knytt til større hendingar langs vegen og til vedlikehald av bruer og andre tekniske anlegg. Kvart år er det trond for ettersyn av stikkrenner, utlegging av bruer, fjerning av nedrast stein osb. Førekomst av større ras synast å vere hyppigare, og krev stor innsats for å utbetrast. Våren 2019 har til fulle vist at det er trond for eit lokalt apparat til å handsame slike hendingar. Både for å organisere oppreinsking og istandsetjing av vegen, men og ikkje minst i høve varsling og informasjon til ålmenta.




Figur 8. Ny bru over elva ved Almen. Den gamle vart øydelagt av steinsprang. Til høgre, Mellombels farbar veg er oppretta etter det store raset i Kraokegjelet.

Driftehandelen mellom vest og aust

Driftehandelen har lange tradisjonar og mange Aurlendingar var sterkt knytt til denne kulturen. Driftehandelen utvikla seg som ein «trekanthandel» mellom kyst- og låglandsbyder på Vestlandet der driftkarar frå bygder som Aurland dreiv oppkjøp av ungdyr på forsommaren. Sidan kom dei attende og henta dyra for drive dei til fjells når beitegrunnlaget var godt nok tidleg på sommaren. I fjellet beitte dei gjennom heile sommaren i området mellom Stemberdalen og Omsbreen. Desse beita vart rekna blant dei aller beste på heile Vestlandet. Berre i Stemberdalen kunne 1000 fe beite samstundes over lengre tid. Mot hausten vart dyra drifta vidare austover til marknadene i Kongsberg, Drammen, og andre handelsplassar i skog- og flatbygdene. Både storfe, hestar og sau vart handla med på denne måten.

Transporten til fjellbeita gjekk tidvis gjennom Aurlandsdalen, men også langs andre vegar som Stonndalen og Rausmesdalen og vidare forbi Langavatnet. I følgje Anders Ohnstad la nokre vegen om Hallingskeid, der det var gode beite. Gjennom tidene har folk som ferdast med dyr opparbeidd seg rettar til å beite på utvalde stader. Dette var ikkje nedskrive i avtaleform, men betrakta som ein hevdvunnen rett som stort sett vart akseptert. I Aurlandsdalen var slike rettar å finne mellom anna i Sinjarheimshagen, Heimrebø, i Aurdalen (Vikjanæset) og i Stemberdalen. Her og vidare i området ved Omsvatnet og Bakkahedleren og innover Såtedalen heldt dei seg gjennom heile sommaren og til tidleg haust, før dei fylgde «åsane» på sørssida av Hallingdalen ned mot Sigdal og vidare til ulike marknader. På Austlandet. Det hende dei gjekk både til Grundset ved Elverum og til Momarken i Østfold (Ohnstad 1990, Raabe 1944).




Figur 9. Oversikt over plasser der dei som for med hest og fedrifter hadde opparbeidd rett til å beite i korte eller lengre tid.

Reiselivet - turistferdsle i Aurlandsdalen gjennom tidene

Turistferdsle i Norge utvikla seg frå midten av 1800-talet og Den norske turistforening vart stifta i 1868. På same tid kom dei første engelske turistane til Vestlandet og Aurland. Lord Garvagh den eldre og den yngre er kjende skikkelsar i Aurlandsfjella og over mot Hol. Dei fekk bygd fleire steinbuer for jakt og anna rekreasjon i fjellet. Både Stemberdalen og Østerbø fekk etter kvart på 1890-talet godt gjersle frå DNT for å ta imot turistar. Årboka til Turistforeningen har jamleg hatt reiseskildringar frå Aurlandsdalen gjennom i snar 150 år. I åra før kraftutbygginga tok til på slutten av 1960-talet, var det stor auke av turgåurar i dalen. Folk ville oppleve dei kjende natur- og kulturkvalitetane før vatnet i elvene forsvann og vegane vart bygd. Seinare på 1970 –talet var det ein markert nedgang av turistar i dalen, før det tok seg opp att på mot årtusenskiftet. I dag vert Aurlandsdalen marknadsført som ei av DNT sine «flaggruter» og i 2018 vart vegen gjennom dalen utpeika til Kulturhistorisk vandrute av Riksantikvaren og DNT. No reknar ein at om lag 25000 vandrar gjennom dalen på ein sesong, og talet er aukande. Hovudvegen gjennom dalen er i seg sjølv ein stor attraksjon for dei som går, sjølv om mange ikkje er klar over det. Vegen er eit arkiv over store delar av den kulturhistoriske utviklinga gjennom tidene. Mellom anna vil

oversikt over dei mange utbetingane og omleggingar av traseen gjennom dalen, etter som ein fekk tilgang til krut og dynamitt, skape forståing for kva utfordringar det har vore å leve i dalen, og korleis levemåten har endra seg over tid. Kartet under syner nokre a dei punkta gjennom Aurlandsdalen som i dag er dokumentert og vist i brosjyrar som er tilgjengeleg for folk. Det kan og vere ei oppgåve å dokumentere og syne fram korleis vegane i har endra seg over tid.



Figur 10. Kart med eit utval tekniske kulturminne knytt til vegen gjennom Aurlandsdalen (S.B. Verdsarvparken)

- 1 Almen - tømmerhus og tufter
- 2 Grovselvi - vad og bur
- 3 Sinjarheimsgalden - utsprengt galde
- 4 Sinjarheim - tømmerhus, tufter, steinmurar
- 5 Veivedøla - bru
- 6 Haugane - murt sel og steingjerde
- 7 Bridlebrui - bru
- 8 Storemuren - murt sti ut i elva
- 9 Karibotnen - stikkrenna
- 10 Skorsgarden - tufter
- 11 uten namn - stikkrenna
- 12 Vetlahelvete - jettegryta
- 13 Bjørnstigvarden - landmerke
- 14 Berekvam - tufter og steingjerde
- 15 Heimrebø - tufter, steinlagt bekk og steingjerde
- 16 Holmen - murt sel og steingjerde
- 17 Holmaberget - utsprengt galde
- 18 Dalateigsgrovi - tufter
- 19 uten namn - steinlagt sti
- 20 Nesbø - tømmerhus, steinlove, tufter og steingjerde
- 21 Nesbøgalden - utsprengt galde
- 22 uten namn - steinlagt sti
- 23 Vikji - steinlagt uthus og steingjerde
- 24 uten namn - steinlagt gjerde
- 25 Østerbø - kyrkjegarden
- 26 Grønestølen - støl
- 27 Grønestølsbrui - bru
- 28 - tufter
- 29 Steinbergdalen - murte sel

DEL 2 Nyare tid: Dugnadsinnsats og forvaltingstiltak

Den nye tida for Aurlandsdalen tok til då Oslo Lysverker fekk konsesjon for å bygge ut Aurlandsvassdraget. Anleggsarbeidet tok til på slutten av 1960-talet Tre hendingar kan vere nyttige å tidfeste, sidan dei representerer viktige hendingar som har påverke utviklinga i Aurlandsdalen etter at utbygginga tok til;

- a) 1974 Vegutløsing til Østebø og Stemberdalen
- b) 1987 Restaurering og dugnadsinitiativ for bygningsarv og kulturlandskap
- c) 1993 Stølsdrift på Sinjarheim og auka dugnadsinnsats

Tida etter 1974 då siste felles buføring heim frå fjellet gjekk gjennom Aurlandsdalen. Anleggsvegen til Oslo Lysverker vart ført fram til Aurdalen. Det gjorde det mogleg å frakte dyr og utstyr med bil til og frå fjellet. Med eit hadde vegen gjennom Aurlandsdalen fått ein anna tyding.


Sjølv om det var ein stor oppsving i turistferdsla i dalen i åra før kraftanlegget vart sett i drift, så førde vegutløysinga til at dalen opna seg for nye grupper av turister og turgårar. Med bussrute frå Aurlandvangen og Vassbygdi til Østerbø, vart Aurlandslen like mykje eit dagsturprosjekt som del av eit lengre T-merkt system av vandreruter med samband til Lungsalen, Geiteryggen, Finse og Hallingskeid.

Lokale krefter har gjennom alle år hatt eit viktig engasjement for å halde vegen gjennom dalen farbar, og sett opp skilt og informasjon til nytte for dei som ferdast her. I 1987 var ei gruppe frå Fortidsminneforeininga i Bergen på Sinjarheim for å sjå på om det var mogleg å setje i gang restaurering av bygningane i tunet³. Denne interessa var med å legge grunnlaget for nye restaureringstiltak knytt til bygningar i dalen. Restaureringsarbeidet tok til i 1988, og har i større og mindre grad halde fram heit til i dag. Interesse, engasjement og finansieringsmogleheter veksle gjennom åra, men har i seinare år auka att. Det er no rekkje parallelle aktivitetar som utspelar seg i dalen gjennom nokre korte sommarmånader.

Bygningsrestaurering i Aurlandsdalen

I tillegg til Bergensavdelinga av Fortidsminneforeininga, engasjerte og hovudorganisasjonen seg i fleire år på 1990 talet. Dugnadsinteresserte frå mange kantar av landet knytte seg til Sinjarheim over fleire sesongar. Etter kvart som bygningane på Sinjarheim vart restaurert og bygd opp att, så såg ein seg om etter andre oppgåver. I løpet av nokre år tidleg på 2000-talet vart det etter avtale med grunneigar, gjort ein betydeleg restaureringsinnsats på Teigen. Mellom anna vart det lagd tak på den gamle fjøsen, og eit stabbur som tidlegare hadde blitt flytt til Frivoll, vart frakta til Teigen og ført opp att i tunet på sin opphavlege plass. Parallelt var det eit prosjekt for å sikre Almastova på staden. Ny grunnmur og av rotne lafteomfar vart skift ut, og den utmurte pipa frå tida Almen vart nytta som støl, vart sett opp att i samsvar med historiske bilete. I denne tida vart det også frakta reiskap, høvelbenkar og anna utstyr for møbelsnekring med kløv fram til Sinjarheim. Det vart lagt nytt golv i ytre del av løa, og innreia til snikkarverkstad. Dermed kunne ein og annonsere og gjennomføre kurs i vindage- og møbelrestaurering på staden. Gjennom åra har så godt som alle vindauga på Sinjarheim blitt ført attende til opphavleg stand.

³ Leia av Hans Emil Lidén og Lasse Bjørkhaug.



Figur 11. Stova på Almen ca 1900. I midten 2001. Til høgre An Tsering Sherpa på same plassen, etter at han hadde restaurert pipa i 2005.

Kulturlandskapsskjøtsel

I 1987 vart det parallelt med initiativet frå Fortidsminneforeininga, sett i gang ei utgreiing av tiltak knytt til skjøtsel og vedlikehald av kulturlandskapet på Sinjarheim. I dei påfylgjande åra auka denne aktiviteten i omfang, og mykje av innmarka kring tunet på Sinjarheim vart i ein periode slått med ljå. Det vart og restaurert einskilde stavingstre i nærområdet. Avgjerda om å starte opp sommarkurs for jordbrukskulen på Sinjarheim har vore heilt avgjerande for den skjøtselsinnsatsen som har vore lagt ned i området gjennom mange år.

Etter kvart auka behovet for å rydde vegetasjon langs vegen gjennom dalen. Attgroinga som fylgje av stadig færre beitedyr i dalen, førde raskt til kraftig gjengroing i landskapet. Utsynet frå vegen for dei som gjekk dalen vart endra.

Drivkrefter for dugnadsinnsatsen i Aurlandsdalen

Gjennom alle år har det vore lokale drivkrefter som har gått føre i vedlikehald av veg og landskap i Aurlandsdalen, så vel som restaurering av stølshus, bruer og fleire andre tiltak. I 2009 vart foreininga *Venner av Aurlandsdalen* oppretta. Denne foreininga har i seinare år søkt midlar og gjennomført fleire viktige tiltak, og er i dag ein heilt sentral drivkraft i både tiltaksarbeid og det sosiale dugnadsarbeidet som skjer i Aurlandsdalen.

Nærøyfjorden Verdsarvspark, som er ein partnerorganisasjon for verdiskaping og forvalting av natur- og kulturmiljø i tilknyting verdsarvområdet, oppretta i 2016? prosjektet «Nye Aurlandsdalen» med føremål å stø opp om tiltaksarbeidet i dalen, samstundes som dei vart eit bindeledd mellom mange aktørar i området. Gjennom prosjektleiarene i Parken har det blitt organisert fleire kurs og tiltak retta mot både vedlikehald av veg, landskap og bygningsmiljø.

Aurland kommune spelar ei viktig rolle i arbeidet med å ivareta tryggleiken for dei som går tur eller på annan måte oppheld seg i dalen. Kommunen er og ein viktig bidragsytar og organisator for rydding og restaurering av hovudvegen gjennom dalen når det har gått større eller mindre skred som stenger for trafikken.

DEL 3 Strategiar og tiltak

Grunnmotiv og overordna mål for strategisk tiltaksplan for Aurlandsdalen

Globale miljøendringar og grunnleggjande menneskelege behov for å plassere seg i *tidsstraumen* og vere skapande. Kulturarven kan gje folk viktige opplevingar, inspirasjon og kunnskap om samspelet mellom natur og samfunn i tider med store utfordringar som fylge av klimaendringar. Eit motiv for «Strategisk Kulturminneplan for Aurlandsdalen» kan vere å verte eit «*laboratorium*» for berekraftig forvalting av kulturarv og handverksbasert kunnskap og utvikling av sosiale fellesskap knytt til dette. Den grunnleggjande forståinga for samspelet mellom gard/busetnad, utmarka og fjellet vil vere overordna for planlegging, prioritering og gjennomføring av kulturminnetiltak i Aurlandsdalen. Dei mange stølane har ein sentral plass i denne samanheng.

I arbeidet for å realisere dette målet;

- a. er det er trøng for å legge eit *landskapsperspektiv* i botn av planen. Dvs. at i ein strategisk kulturminneplan vil heilskapen, *framtidsmotivet* for integrert forvalting og lokalsamfunnsutvikling vere styringsgrunnlaget for planen,
- b. må kulturarven forvaltast som *ressurs* for læring, oppleveling og sosial handlekraft i høve grøn omstilling i samfunnet,
- c. må det vere eit integrert mål å skape *synergiar* mellom ulike tiltak og mellom aktørar i Aurlandsdalen. Koordinering, dialog og godt samarbeid styrker ivaretakinga av kulturmiljø, aukar kreativiteten og gjev grunnlag for berekraftig verdiskaping .

Delstrategiar

For å kunne oppnå ein samla sett ynskt integrert forvalting og bruk kulturarven i Aurlandsdalen i framtida, kan det utviklast delstrategiar som det kan knytast konkrete tiltak til. Denne oversikten kan vere eit tenleg grunnlag for prioritering og oppfølging av tiltak over tid. Den store og naudsynte innsatsen som har blitt lagt ned i restaurering i dalen gjennom dei siste 30 åra, har i stor grad vore motivert ut frå interesser til mindre grupper knytt til einskild objekt (bygningar, tun, kulturmark) og i mindre grad av langsiktige strategiske vurderingar av kva ein vil oppnå og korleis tiltaka kan danne grunnlag for ny verdiskaping gjennom bruk i framtida. Det må understrekast at dette har vore den naturlege måten å jobbe på, ut frå omtanke og engasjement for å ta vare på kulturarven i Aurlandsdalen for framtida. Utan denne innsatsen hadde truleg mange av bygningane ikkje vore mogleg å redde i dag. Forfallet ville ha kome for langt.

To viktige tiltak kan likevel seiast å ha vore av uvurderleg strategisk verdi for framtida til Aurlandsdalen;

- Årleg vedlikehald og rydding av hovudvegen gjennom dalen,
- Restaurering av bygningane på Sinjarheim.

Til saman har det gjort det mogleg å planlegge, organisere og gjennomføre andre tiltak, samstundes som dei både er heilt nødvendige i marknadsføring og tilrettelegging for ferdsle i dalen.

Delstrategiane som er omtalt i denne planen, vil bidra til å utvikle verdiskapingspotensialet i Aurlandsdalen, både gjennom sikring og forvalting av kulturarven og gjennom formidling, læring og oppleveling for ålmenta. Strategiane er inndelt i fylgjande 7 tema. (NB: Strategiar og aktuelle tiltak er ikkje lista opp i prioritert rekkefølgje)⁴. Det er også lista opp sentrale aktørar og samarbeidspartar for realisering av mål og tiltak i planen. Denne oversikten er ikkje fullstendig, men kan supplerast etter kvart. Grunneigarane skal og informerast og involverast der det vedkjem deira interesser og rettigheter.

S1	Vegen gjennom Aurlandsdalen Vedlikehald og utbetring av hovudstien gjennom Aurlandsdalen frå Vassbygdi til Stemberdalen, og eventuelt supplerande trasear på einskilde strekningar.
S2	Knutepunkt Sinjarheim Utvikle Sinjarheim som knutepunkt for opplæring i praktisk restaureringhandverk og tradisjonsjordbruk.
S3	Bygningsmiljø og stølar Sikring, vedlikehald og restaurering av bygningar i dalen vil i mange tilfelle omfatte plassar det i ei eller anna form har vore stølsdrift. Anten det har vore som vidareføring etter nedlegging av gardsdrift, slik som på Sinjarheim, Teigen og Almen, eller som opphavleg bygde stølsmiljø.
S4	Kulturlandskapsskjøtsel Skjøtselstiltak langs stiar og på utvalde plassar i landskapet vil vere viktig for å ta vare på dei kultur-biologiske verdiane i dalen. Dvs. sikre artsmangfald og det opne landskapsbiletet som i dag er i rask gjengroing. I tillegg er det viktig å sikre kontinuitet i kunnskapsoverføring om driftsmåtar og teknikkar i drift og vedlikehald.
S5	Vedlikehald av bruksvegar og stiar Utarbeide ein prioritert plan for restaurering, merking og vedlikehald av eit utval andre stiar for å avlaste hovudstien og auke mangfaldet av opplevelingar.
S6	Formidling av materiell og immateriell kulturarv Utarbeide ein heilskapleg formidlingsplan, dokumentere kulturarven i faglege og allment tilgjengelege databaser. Legge til rette for aktiv historieforteljing i Aurlandsdalen. Etablering av «senter for kløv- og driftekultur».
S7	Vertskapsfunksjon, informasjon og samarbeid i dalen Utvikle vertskapsfunksjonar, informasjonstiltak i Aurlandsdalen og bidra til å koordinere samarbeid mellom kunnskapsmiljø, frivillige organisasjonar og næringsliv.

⁴ Som kommunal plan for kulturminne og miljø, vil ansvaret for nødvendige prioriteringar av gjennomføring vere ein politisk/administrativ oppgåve,

S1 Hovudvegen gjennom dalen

Denne vegen er livsnerve i dalen og er bærer av historisk kontinuitet gjennom uminnelege tider. Ikkje minst har vegen og vore- og er viktig samband med bygdene på austsida av Langfjella. Dette sambandet har vore bufarveg, drifteveg, allfarveg og bruksveg for gardane i dalen. Dei siste 100 åra har det vore ein aukande interesse og marknadsføring a vandringa gjennom Aurlandsdalen – frå Geiteryggen og til Vassbygdi. Som kulturminne med både teknisk og historieforteljande verdi, er det naturleg å ha ein eigne prioritert strategi for hovudvegen gjennom dalen. Det er avgjerande for etterfylgjande strategiar og tiltak at den fungerer som ein påliteleg veg for turgårarar, varetransport og som tilkomstveg til alternative ruter gjennom og på tvers av dalen.

For kvart tiltak er det ført opp nokre sentrale aktørar som ut frå lovpålagde oppgåver, fagleg interesse, frivillig initiativ eller ut frå næringsomsyn vil vere aktuelle samarbeidsparter i realiseringa. Oversikta vil ikkje vere uttømmande.

T1.1 Årleg vedlikehald

Det faste vedlikehaldet av vegen i Aurlandsdalen har i mange år blitt utført på dugnad av lokale krefter, med «Venner av Aurlandsdalen» som drivkraft. Normalt vert vegen rydda og bruer lagt på plass 1. mai. Dette arbeidet er særskilt verdifullt og bør halde fram.

Aktuelle aktørar: Aurland kommune, Venner av Aurlandsdalen, Nærøyfjorden Verdsarvpark

T1.2 Vedlikehald gjennom kurs i restaurering, fundamentering og oppmuring av vegkroppen.

Kunnskap og praktiske ferdigheter i å våle vegane i dalen er viktig å halde ved like. Ved store ras og utgliding av massar i vegen, vert det leigd inn entreprenørar som kan gjere dette på ein trygg måte. Gjennom prosjektet «Nye Aurlandsdalen» har Nærøyfjorden Verdsarvpark organisert kurs i restaurering av vegen på utsette parti. Sommaren 2018 vart det gjort eit viktig arbeid frå Veiverdalsbru og fram gjennom Sinjarheimshagen.

Aktuelle aktørar: Nærøyfjorden verdsarvpark, Venner av Aurlandsdalen, Riksantikvaren (historiske vandrurer), Den norske turistforeining (DNT)

T1.3: Langsiktig plan for standardheving på heile stien frå Vassbygdi til Stemberdalen.

a) *Betre turoppliving for fotturistar*


I 2016 Sommaren 2015 vart det gjennomført ei synfaring gjennom dalen frå Stemberdalen til Vassbygdi for å lokalisere parti av stien som treng utbetring for å betre turopplivinga til turgårarar. Rapporteringa frå synfaringane er samla i ein rapport på oppdrag frå «Venner av Aurlandsdalen» (Clemetsen og Bjarnadottir 2016). supplerande synfaring med fokus på strekninga Vassbygdi – Sinjarheim vart gjennomført sommaren 2018. Her vil det vere forskjellige prinsipp som gjeld på ulike strekningar.

b) *Langsiktig plan for opparbeiding av vegen gjennom Aurlandsdalen til kløvstandard.*

I dag er det akseptabel standard på vegen til å gå med kløvtransport fram til Sinjarheim. Å kunne føre kløv fram til Teigen er og ein relativt enkel oppgåve å klargjere vegen vidare frå Sinjarheim for. For nokre år sidan vart det sprengt ned ein stein ovanfor Teigen, som skulle gjere det mogleg å føre hest fram til Frivoll.

Strekninga vidare frå vegskiljet ved Bridlebrui og vidare i retning Østerbø er i dag truleg ikkje mogleg å gå med kløvhest. På sikt kan det vere ynskeleg heile vegen fram dalen gangbar med kløv. Utanom praktisk transport av reiskap og material i samband med vedlikehald, vil kløvjing vere eit attraktivt opplevelingstilbod i Aurlandsdalen, og kan utviklast til eit organisert produkt med utgangspunkt i Vassbygdi eller ved turisthyttene.

Aktuelle aktørar: Sogn jord- og hagebrukskule (SJH), Aurland turlag, DNT, turisthyttene i Aurlandsdalen, andre.



Figur 12. Kart og planlagde tiltak i Aurlandsdalen 2019, i regi av "Nye Aurlandsdalen". Utarbeidd av prosjektleiar Snædis Laufey Bjarnadottir.

T1.4 Alternative ruter frå Grønestøl til Stemberdalen

For turvandrarar og for framtidige kløvturar, bør det vurderast om ein skal merke ei alternativ rute frå Grønestølsområdet⁵ fram Sauavaddalen og over strekninga vidare mot fjellet, bør kløvruta gå via Sauavaddalen og over Nosafjellet til Stemberdalen. Dette kan vere ein attraktiv alternativ til den nye stien i lia over Aurlandsdalen mellom Nosi og Stemberdalen som vart anlagt etter kraftutbygginga. Ansvoaret for naudsynte tiltak for utbetring av klopper og bruer,

⁵ Opphavleg gjekk kløvvegen til Stemberdalen over Grønestøl. Vidare under Nosi stølane og fram til Øystølvatnet. Denne ruta vart lagt om etter at vegen kom. Den nye stien frå Nosi fram til Stemberdalen er lite eigna til kløvjing, og ein bør ikkje nytte ressursar til å opparbeid den til kløvstandard. Eit alternativ frå Nosi er å gå fram Sauavaddalen. Her er terrenget ope og stien farbar med hest i dag.

skilting og eventuelle grunneigaravtaler bør formelt vere hjå Aurland kommune, og spelast inn til den kommunale sti- og løypeplanen.

T1.5 Senter for kløvjing som tradisjonell kunnskapskultur

Transport med kløvhest i dalen gjev ein ekstra opplevings- og kunnskapsdimensjon til forvaltinga av dalen som historisk kulturmiljø. Samstundes er heile den tradisjonelle økonomien i landbruket i Aurlandssamfunnet basert på stølsdrift og utnytting av fjellressursane. Dette hadde ikkje vore mogleg utan bruk av tilpassa hesteraser som kunne transportere varer og utstyr og ta seg fram i bratt og vanskeleg terregn. Som eit strategisk kulturminne- og næringstiltak, bør ein vurdere om det ligg til rette for å etablere i eit «*Nasjonalt senter for kløvkultur*» i tilknyting til Sogn jord- og hagebrukskule og i samarbeid med Verdsarvparken og landbruksnæringa i kommunen. Eit slikt senter vil kunne forvalte ein viktig kunnskapskultur som i dag er fragmentert og sårbar for brot i overføring av kunnskap mellom generasjonar. Det bør og ligge godt til rette for eit samarbeid med Ål og Hol kommunar, på tvers av fjellet.

Aktuelle aktørar: Sogn jord- og hagebrukskule, Aurland kommune, Flåm AS

S2 Sinjarheim som knutepunkt for handverk og før-industrielt jordbruk på Vestlandet

Sinjarheim har ein ikonisk status i Aurlandsdalen og som representant for einbølte og avsides fjellgardar på Vestlandet. Sidan restaureringsarbeidet i regi av Bergensgruppa i Fortidsminneforeininga tok til i 1988, har staden vorte eit samlingspunkt for mange entusiastar som har ynskt å bidra til bevaring av kulturarven i dalen. Når ei kjem vandrante ned dalen, så er bygningane i tunet godt synlege på lang avstand. Det vert lett eit naturleg stoppepunkt og rastepest for turgåarar. I tillegg føregår det ei mengd aktivitetar knytt til tradisjonell stølsdrift, til restaureringsoppgåver på bygningar og inventar. Det har og i periodar vore drive landskapsskjøtsel med tradisjonell reiskap, osb. Delar av aktiviteten har vore annonsert og organisert som kurs med høgt kvalifiserte kursleiarar. Sinjarheim har også overnattingskapasitet til ein høveleg stor gruppe folk. Sinjarheim vert i dag drive av Sinjarheim SA.

Til saman gjer dette at det ligg til rette for å satse aktivt på synleggjere, samordne og vidareutvikle det kunnskapsmiljøet som i dag er levande kring Aurlandsdalen, og Sinjarheim er det naturlege knutepunktet for dette.

Målet kan vere å etablere ein praktisk kunnskapsbase og samle eit kunnskapsmiljø for tradisjonell utmarksbruk og handverk for utprøving, opplæring og praktisering av ulike ferdigheter og teknikkar tilhøyrande det småskala, tradisjonelle Vestlandsjordbruket. Ein bør etablere samarbeide med andre kunnskapsmiljø for tradisjonshandverk og drift knytt til det før-industrielle jordbruket, både med faginstitasjonar (t.d. Havråtunet/ Musea i Hordaland) og med andre praktiske prosjektorganisasjonar, som t.d. i Utlandalen/Avdalen

T2.1 Inngjerding rundt tunet

Sinjarheim sin særskilde funksjon i dalen gjer det naudsynt å etablere ein ny avgrensing/inngjerding av tunet av praktiske omsyn i drifta på garden, og av omsyn til besøksoppleving og -styring. Eit nytt gjerde bør omfatte større område, og inkludere Tunaakeren og eit større område ovanfor stallen. Området bør gje plass til bord og benker for

servering, for samling av vandregrupper gjennom dalen, og for dei praktiske aktivitetane som er knytt til stølkskurs, handverkskurs og andre typar av kreative kurs/aktivitetar. Det er viktig at gjerdet vert sett opp av solide material, og i ein utforming som harmonerer med det tradisjonelle uttrykket til tunet. I samband med ny inngjerding, bør ein og finne ny plass for oppføring av toalett.

Aktuelle aktørar: SJH, Sinjarheim SA, Venner av Aurlandsdalen,

T2.2 Årlege handverkskurs

Knytt til restaureringsoppgåver på Sinjarheim, Teigen og Almen. Bygningar, reiskap, møbler osb. Sinjarheim vil vere eit naturleg knutepunkt for dette, med opparbeid verkstad og reiskaper til bruk i restaurering av inventar, vindauge og andre gjenstandar.

Aktuelle aktørar: Sinjarheim SA, Fortidsminneforeininga, Norsk handverkssenter (Lillehammer), Heibergske samlingar,

S3 Dokumentasjon, sikring og restaurering av bygningar og tunmiljø i dalen.

Hovuddelen av det dugnadsbaserte restaureringsarbeidet som har gått føre seg i Aurlandsdalen dei siste 30 åra, er knytt til gardane Sinjarheim, Almen og Teigen. I privat regi har steinfjøsen på Nesbø blitt restaurert, samt einskilde sel, som t.d. Ljøtebotn, Holmen, Sinjarheimshaugane og Frivoll. Nokre bygningar er og sikra mot forfall. Dei fleste eldre bygningane som ikkje har vore teke vare på, er i særstak stand. For å sikre at desse monumenta ikkje forsvinn og gjer at det kulturhistoriske landskapet vert vanskeleg å «lese» og forstå, bør det gjennomførast ei samla kartlegging av stølar og bygningsplassering.

T3.1 Dokumentasjon av bygningar og bygningsstrukturar i Aurlandsdalen

Gjennomføre kartlegging og statusvurdering av kvar einskild gard og støl med kartfesting av bygningar og synlege bygningsstrukturar i Aurlandsdalen, med utgangspunkt i kjende registre som SEFRAK og andre kulturminnegranskinger.

I samband med dette bør alle kjende stiar som bind stølar og gardar saman registrerast med GPS og leggjast inn på kart. Det vil nokre stader vere ei utfordring å finne att dei gamle traseane, men dette bør gjerast så grundig som mogleg. (Dette materialet vil og danne grunnlag for S4.)

Kartlegging bør i første fase omfatte strekninga mellom Vassbygdi og Østerbø. Men ein kan og vurdere overgangar mellom Aurlandsdalen og Stondalen, Sauvaddalen og Aurlandsdalen fram til Stemberdalen.

Aktuelle aktørar: Aurland kommune, Fylkeskonservator Vestland

T.3.2 Prioritert plan for sikring og restaurering av bygningar i Aurlandsdalen

Initiativet til ein slik plan kan komme frå ulike aktørar, men bør koordinerast i samarbeid mellom Aurland kommune og Fylkeskonservator/ Riksantikvar .

S4 Kulturlandskapsskjøtsel

Skjøtsel av kulturmark i Aurlandsdalen har vore aktuelt sidan 1980-talet. I 1987 art det med ressursar frå Høgskulen i Sogn og Fjordane og Landbrukskunstnarkulen på Ås, utarbeidd skjøtselsplan for delar av Sinjarheim, basert på kartlegging av gamle åkrar, slåttemark og steinmurar. Alt på 1990-talet var det mykje merksemd i media om gjengroing av tidlegare open mark både i Aurlandsdalen og elles i landet. Turistane som vandra dalen klaga over at utsikta vart därlegare og at ein gjekk i ein «grøn tunnel». Gjengroinga har sidan den gong auka ytterlegare. Dette er ein naturleg prosess, når slått og beiting ophøyrer. Manuell rydding kan berre skje på utvalde plassar og det skal vere praktisk og økonomisk mogleg å gjennomføre. Men dei stadene ein vel ut, vil kunne ha særstal stor innverknad på opplevinga til dei besøkande som ferdast i dalen.

T4.1 Utarbeide oppdatert og prioritert oversikt over plasser i dalen som bør skjøttast manuelt

Ein slik oversikt kan bygge på tidlegare utgreiingar som er gjennomført, supplert med ein felles synfaring med Aurland kommune, Venner av Aurlandsdalen og Verdsarvparken.

T4.2 Slåttedugnad på Sinjarheim

Sinjarheim har ein spesiell funksjon som representant for eit heilskapleg før-mekanisert gards- og kulturlandskapsmiljø i indre Vestlandsbygder. I tillegg til bygningsarven, bør det og vere ein plan for årleg skjøtsel av innmarka rundt tunet. Ljåslått er arbeidskrevjande og ikkje eigna å utføre for ein person over store areal. Ein måte å løyse det på e som eit arrangement (slåttefestival), etter modell frå andre plassar i Noreg og utlandet. Det er alt etablert dialog med kunnskapsmiljø i Aust-Europa (Karpatene) som har erfaring frå dette.

Aktuelle aktørar: SJH, Sinjarheim SA, Nærøyfjorden verdsarvpark, Aurland kommune

T4:3: Samarbeid med kunnskapsmiljø

Naturføresetnadene gjev grunnlag for artsrik vegetasjon i Aurlandsdalen, både naturleg og gjennom lang tids kultivering av slåtteenger og beitemark. Dokumentasjon av det kulturbetinga biologiske mangfaldet og utarbeiding av skjøtselsplanar på utvalde stader, bør skje i samarbeid med kunnskapsmiljø. Mykje vil vere interessant som studentoppgåver ved Høgskular og Universitet.

Aktuelle aktørar: Aurland kommune, Høgskulen Vestlandet, avd. Sogndal, NMBU Ås,

S5 Istandetjing, merking og vedlikehald av eit utval stiar i dalen

Det er ein tydeleg trend at fotturisme i fjellet har aukande popularitet år for år. Det gjeld og for Aurlandsdalen. I 2018 vart Aurlandsdalen ein del av satsinga på «Historiske vandreruter», i regi av Den norske turistforening i samarbeid med Riksantikvaren. Dette og andre tilbod som vert marknadsført på omfattande vis, bidrar til auka interesse for Aurlandsdalen, ikkje berre som ei unik naturoppleving, men og som ei kulturhistorisk oppdagingsferd. Med interesse og auka kunnskap, kjem og interessa for å oppleve stadig større delar av Aurlandsdalen som eit unikt historisk «kultur-biologisk system». Når folk skjørnar korleis gardstun, utmark og fjell heng saman og vart drive i ein storfelt rytmisk rørsle gjennom årsløpet, kjem og interessa for å erfare noko av desse samanhengane.

Erfaringsmessig er det stor interesse for å velje den alternative vegen frå Tirtesva over Nesbøteigane, stølen Holmen og anten ned til Heimrebø, eller til den meir krevjande nedstiginga via Bjønnstigen til Bjønnstigsletta.

Nærøyfjorden Verdsarvpark har plassert teljeapparat på utvalde stader for å skaffe eit kunnskapsgrunnlag for framtidige tilretteleggingstiltak for å styre ferdsla gjennom dalen.

T5.1 dokumentere stølsvegar og stiar i Aurlandsdalen

Eit framtidsretta tiltak vil vere å utarbeide ein plan for å dokumentere og gjere tilgjengeleg eit utval av slike gamle kløvvegar og stiar, både for å kome interessa i møte, men ikkje minst og for å avlaste hovudvegen gjennom dalen. Det kan på enkelte dagar vere ganske trøngt om plass.

Kjensla av å gå i kø gjennom Aurlandsdalen er ikkje noko ein ynskjer at folk skal sitte att med.

Aktuelle aktørar: Aurland kommune, venner av Aurlandsdalen

T5.2 Prioritering av løyper

Aktuelle alternativ kan vere;

- Over Nosafjellet – Sauavadalen - Grønestøl
- Sinjarheimshaugane – Skåri – vegskiljet på toppen av Skorsbakkane
- Sinjarheim – Orrasete – Veiverdalens - Skåri
- Bridlebrui- Teigen – Frivoll - Stonndalen – Vassbygdi

Aktuelle aktørar: Venner av Aurlandsdalen, grunneigarar, Nærøyfjorden verdsarvpark

T5.3 Skilting

Det eksisterer mange typar skilt i Aurlandsdalen. Ein bør sjå at ein del av den eldre skiltinga er ein del av kulturhistoria til dalen i seg sjølve. Det går heilt attende til tida då turisthyttene i Stemberdalen og på Østerbø vart etablert. Det bør difor ikkje vere aktuelt å erstatte alle skilt etter ein ny samla skiltplan. Med status som «Historisk vandrerute», stiller Riksantikvaren og DNT krav til at vegen skal vere godt merka og skilta. Ein slik skiltplan må utformast i samspel med eksisterande skilt og informasjonstiltak.

Aktuelle aktørar: Aurland kommune, Verdsarvparken, Venner av Aurlandsdalen, Riksantikvaren, DNT



Figur 3. Variasjonen av skiltutforming er stor i Aurlandsdalen. Dei utgjer i seg sjølv ei historieforteljing om både dugnadsengasjement og kjærleik til dalen frå mange hald.

S6 Formidling av materiell og immateriell kulturarv.

Aurlandsdalen er og ein godt eigna læringsarena. Denne strategien omfattar formidling av kulturarven på ulike måtar. Formidlinga vil skje både skriftleg (skilt i dalen og i nettbaserte løysingar), og munnleg i form av forteljingar og historier om stader og hendingar, om korleis folk levde og arbeidde i dalen. Ein viktig del av denne strategien vil vere å sikre at det skjer ei overlevering av kunnskap og minne om tidlegare bruk og hendingar i Aurlandsdalen vert samla inn gjennom intervju osb. Det finnast og eit rikhaldig arkiv av stadnamn for Aurland kommune, som både inneholdt lister med namn, lokalisering og tyding/bruk knytt til stadnamna. Opptak med intervju av eldre lokalfolk er og teke vare på. Kunnskap om kunnskapskulturar og ulike praksisar vil ha stor effekt på plassar som t.d. Sinjarheim. Formidlinga vil vere naturleg å knyte opp mot læringsprosessar og kunnskapsutvikling i eit klimaperspektiv. Aurlandsdalen responderer raskt på ytre påverknader i form av auka nedbør, temperaturendringar og endringar i bruks og driftsmåtar. Dette gjev grunnlag for å samarbeide med kunnskapsmiljø og læringsinstitusjonar om kurs og vandringar både som del av opplæring, men også kurstilbod for generelt interesserte.

Aurlandsdalen kan tilby ein unik pedagogisk læringsarena som synleggjer heilskap og variasjon frå høgfjell til fjord.

Fremje formidling i dalen, og aktiv historieforteljing knytt til vandringar og deltaking i aktivitetar. Formidlinga bør og rette seg mot å involvere skulanane i kommunen, og på den måten inngå som ein del av den stadbaserete læreringa, jfr. «Aurlandsmodellen»⁶ som vart utvikla ved ABU, og som Nærøyfjorden verdsarvpark og nyttar seg av i sitt samarbeid med skuleklassar og i formidling i verdsarvkommunane.

⁶ «Aurlandsmodellen» er presentert og drøfta i boka *Kunnskap for ei felles framtid. Lokal forankring av læreplanen*, utgitt på Fagbokforlaget (Barane m.fl. 2015).

T6.1 Skuleklassar og studentgrupper

Det er lang tradisjon for skuleklassar å gå delar av Aurlandsdalen. I lys av raske klimaendringar, så vil læringsverdien av slike turar kunne utvidast med å studere korleis landskapet i dalen endrar seg i dag, jamført med korleis dette kan sporast attende i eit historisk perspektiv på korleis busetnad og bruk har endra seg. Aurland kommune sin deltaking det internasjonale kunnskapsprogrammet ADAPT, og Riksantikvaren sitt pilotprosjekt for kulturminne og klimaendringar (jfr. rapport frå 2015), vil kunne tilføre ny kunnskap om korleis kulturarven påverkast under klimaendringar, og korleis ein har tilpassa levemåten til slike endringar.

Aktuelle aktørar: Aurland kommune, Riksantikvaren, ABU, Nærøyfjorden Verdsarvpark

T6.2 Formidling og aktiv historieforteljing i dalen

Det kan vere ei oppgåve for turistbedriftene i Aurlandsdalen i samarbeid med fagmiljø og lokalehistorisk interesserte personar, å bygge opp ulike kurs og vandringstilbod som nytter heile dalen frå høgfjellet til kontakten med fjorden.

Aktuelle aktørar: Sogelaget, Turisthyttene i dalen, Nærøyfjorden verdsarvpark

T6.3 Ajourføring av databaser

Det finnast fleire faglege og allment tilgjengelege databaser for lagring og spreiing av kulturhistorisk dokumentasjon. Det bør etablerast rutinar slik at dokumentasjon som er tilgjengeleg hjå kommunen, historielaget og andre aktørar i lokalsamfunnet, stader vert lagt inn fortløpende.

Aktuelle aktørar: Aurland kommune, Sogelaget, Fylkeskommunen, Riksantikvaren,

S7 Vertskapsfunksjon, koordinering og samarbeid mellom frivillige organisasjoner, kunnskapsmiljø og næringsliv.

Med auka tilstrøyming av turistar i dalen, og med auka tilbod om aktivitetar, opplevelingar og læring gjennom mange år, har det lenge vore eit ynskje om å etablere ein vertskapsfunksjon i Aurlandsdalen i sommarsesongen i perioden frå jonsok og ut over sommaren. Turistbesøket i Aurlandsdalen har høgt dagleg omfang fram til midten av august. I tida fram til slutten av september vil ferdsla i større grad vere knytt til helgane. Med tida har det kome mange ulike aktørar på bana i Aurlandsdalen. Alt tidleg på 2000-talet vart det etablert eit uformelt forum kalla «Aurlandsdalen kulturlandskap» som møttest ein gong i året for at deltakarane skulle orientere kvarandre om kva som hadde vore gjort av tiltak i Aurlandsdalen sidan sist, og ikkje minst drøfte nye aktuelle restaurerings- og skjøtselstiltak. Dette har i dei siste åra blitt fylgt opp av Nærøyfjorden verdsarvpark. Det ligg framleis eit viktig potensial for framtidig synergি og meirverdi i forvaltinga av kulturarven i Aurlandsdalen, i eit tilrettelagt samarbeid mellom private, frivillige og offentlege aktørar.

T7.1 Vertskapsfunksjon på Sinjarheim

Det bør vere eit godt grunnlag for å ha eit vertskap plassert på Sinjarheim frå jonsok til skulestart i midten av august. Utanom enkel servering til turgåarar, bør vertskapet vere opplærd i formidling om Sinjarheim, historisk bruk og levemåte i heile dalen, og ha kunnskap om historikk og pågåande aktivitetar knytt til restaureringsprosjekt og andre tiltak som tek sikte på å forvalte natur og kulturarven.

T7.2. Overnattingstilbod i dalen

I samband med avvikling av kurs og arrangement, vil det vere trøng for overnattingskapasitet på Sinjarheim. I samband med tidlegare restaurering på Teigen, vart det og gjort tiltak for å gjøre det lettare for grupper å overnatte og lage mat på staden. Med utbetring av stoverommet, mellom anna med ny omn og pipeløp, samt løysing for vasstilførsle, bør også Teigen fungere godt til overnattingar. Dette vil gjelde både for dugnads- og kursgrupper og for turgåarar i dalen. Opplevelinga av dalen frå Teigen er anngleis enn på Sinjarheim, men også attraktiv, sidan ein ligg utanfor den vanlege turruta. Vertskapet på Sinjarheim bør kunne administrere dei daglege oppgåvane med evt. utleige på Teigen.

T7.3 Samarbeidsrutinar gjennom året. Årleg evaluerings-/ og planleggingsmøte

I 2001 vart forumet «Aurlandsdalen kulturlandskap» danna etter initiativ frå Aurland kommune. Forumet var ope for alle som har interesser og aktivitetar knytt til dalen; grunneigarar, Sinjarheim SA, jordbrukskulen, Aurland kommune, dugnadsgrupper, frivillige organisasjonar, turisthytter, ECO-vannkraft og anna næringsliv. Gjennom mange år vart det halde eit årleg møte for å orientere om tiltak og aktivitetar som var gjennomført siste år, og nye, planlagde aktivitetar vart drøfta. Møtet hadde ikkje vedtaksmynde, men dette møtet gav høve til å koordinere søknadar og planlegging av gjennomføring av tiltak. Aurland Naturverkstad var sekretær for forumet i mange år. Verdsarvparken har dei siste åra overteke mykje av desse oppgåvane.

Aktuelle aktørar: Grunneigarar, Venner av Aurlandsdalen, SJH, Nærøyfjorden Verdsarvpark, Aurland kommune, Sinjarheim SA, DNT, Riksantikvaren,

Litteratur

Austad, Ingvild, et al.(2001) "Den tradisjonelle vestlandsgården som kulturbiologisk system." *Kulturminner og miljø. Forskning i et grenseland mellom natur og kultur* (2001): 135-205.

Bach, T. og J. Gjerdåker (1994). *Aurlandsdalen – ei kulturhistorisk vandring frå fjell til fjære*. Cappelens turhåndbøker

Barane, J. Hugo, A., Clemetsen, M. (2015) *Kunnskap for ei felles framtid. Lokal forankring av læreplanen*. ISBN 978-82-450.1634-5 Fagbokforlaget, Bergen 2015. 212 s.

Clemetsen, M. (1988) *Sinjarheim. En fjellgård i Aurlandsdalen- Skjøtsel av et historisk kulturlandskap*. Institutt for Landskapsarkitektur, NLH Ås.

Clemetsen, M. (1996) *Aurlandsdalen. Samordning av landskapsskjøtsel, bygningsvern og utviklingstiltak i kulturlandskapet på strekninga mellom Østerbø og Vassbygdi*. Aurland kommune.

Clemetsen, M. (2016) *Aurlandsdalen. Skildringa v tilstand og forslag til punktvise tiltak på strekninga Stemberdalen – Vassbygdi*. Aurland Naturverkstad.

Haukeland, P. I., & Brandtzæg, B. A. (2009). *Den brede verdiskapingen: Et bærekraftig utviklingsperspektiv på natur-og kulturbasert verdiskaping*. Telemarksforsking, Bø.

Haukeland, Per Ingvar og Bradtzæg, Bent Aslak (2014); «*Naturarven skaper verdier. Sluttanalyse Naturarven som verdiskaper*», Telemarksforsking, Bø.

Ohnstad, Anders (1988) *Gardssoga for Aurland. Vassbygdi og fjellgardane*. Fyrste hefte.

Ohnstad, Anders (1997) *Glimt frå Aurlandssoga*. Band II. Samling av artiklar frå Aurland

Raabe, Gunnar (1944) *Aurlandsdalen*. I: Den norske turistforening Årbok 1944, s145 – 154.

Riksantikvaren (2019). Adapt Northern Heritage. <https://www.riksantikvaren.no/Tema/Klimaendringene-og-kulturminner/Adapt-Northern-Heritage>

Thyri, Hans H. 2008. *Aurlandsdalen frå vidda til Vangen*. Skald forlag.